Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hemne

Emne: Brynet | Bygdelag: „Vassbygda"

Oppskr. av: Arne Södal | Gard: Kvaldro

(adresse): Kyrksæterøra | G.nr. 111 Br.nr. 7-8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Noko serleg bruigde i nemning eller bruk av „bryn" veit eg ikkje av. (Har og spurt eldre folk om dette).

1. Både som substantiv og verb heiter det bryn.
Bryn er einaste nemninga for det ein stryk ljåen med, og jamnast og sigden. Det var i eldre tid berre av natursstein, rundt og noko tjukkare på midten. omk.-2.5-dm. langt. Heina bruka ein berre til öksar og mindre eggjarn. Ho var gjerne av finare stein og flat på sidene til å stryka eggen etter.

2. For 30-40 år sia bruka ein berre bryn av natur-stein. Til å byrja med for det gjerne einkvan og selde slike brynsteinar, som dei sjölve hadde funne og hogge til. Dei brukte gjerne sligradi til på kvernsteinen når dei mol. Dei kom helst frå Nordmöre og hadde ömse namn, langöy-bryn, skårvangbryn. Seinare tok kjöpmennene over omsetnaden. Det kan og henda at ein eller annan finn fram eit brynemne i bygda, men det er berre eit hende. I seinare tid har og ömse slag bryne av kunststein kome i handelen og er helst no dei mest vanlege. Dei er til vanleg mindre, meir jamntjukke og flate. Smergel bryn kan og bli nytta av somme.

241

3. Dei aller flesto reidskap blir först slipa og så bryna eller heina, praktisk tala alle. Det kan einast vera sers fine eggjarn, t.d. barber-knivar, slike nöyjer ein seg jammast berre med å heina.

4. Her veit ingen å seia frå at t.d. ljåen vart kvest med ūthamring av eggen. Det blir slipt på stein.

5. Her trūr eg ikkje nokon kan seia frå at eggjarn har vorte kveste ved å föra dei att og fram mot ein flat steine som låg i ro.

Jau det har vore heller vanleg at dei tok med seg slipestein til slåtte-teigar som låg langt av leid, ūtslåtter og markaslåttar, ja somme tider til slåtte-teigar som höyrde heimegarden til, men låg langt frå hūsa. Men det er ikkje brūkeleg å bera steinen med bort etter teigen, ein har han gjerne ståande attmed låven eller höyløa. Kan inkje seia om nåe dei tok til med dette.

6. Det vanlege er at ein gåw ūt økta, 3-4 timar, før ein sliper att. Somme som er sers flinke kan og gå eit par økter før dei sliper. Men er det hardbeitt og steinūt, er det ofte brūkt å ha med to ljåar for å greia seg ūt økta.

7. Noko slag bryne av tre har aldri vore i brūk her det nokon veit av. Men ymse slag bryne er det gjålsagt. Somme likar dei grove, andre finare og lennare. Somme vil helst ha dei nymotens av kunststein. Somme nyttar syre til å gjera brynet lausare


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8. Alle her let ljåen sitja på orvet når dei sliper.

9. Ein set orvet stödig mot marka, så passeleg langt frå seg at når ein stöd tjore mot bringa, så når det omlag jamt med armhola. Ein stöd så ljåen med vinstre handa og brynet med högre, med å slengja og ~~strykja~~ stryka ljåen skiftevis mot indre og ytre sia. Ein må da ansa vel på at brynet "fylgjer eggen." Tamme berre stryk fleire gonger langs båe sidene av eggen.

Her blir ikkje brukt anna enn langorv.

10. Brynstrompe. Alltid laga av tre. Rund, mest alltid svarva og med holkar og berekrok; 2-2.5 dm. lang og omb. 10 cm. i tvermål. 1-2 cm tjukke vegger. Mest alltid måla.



11. Nei

12. Kroken i strompen krökjer ein inn på belterimen, eller i bukse-spenna bak, om ein ikkje har ~~belte~~ reim. Så å seia alle plar bera strompen på baken. Men eg har sett eldre folk bera han frame på magen. Litt til eine sida kan og mange bera han. I seinare tid har mange teke til kasta strompe strompen. Dei stikk berre brynet i lumma.

241
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein tung stromp med eit stort bryne
kan vanleg bli heller tungt og röyner
nokså mykje på magen.

13. Ein må alltid bryna med vått bryne. Ein har difor alltid litt vatten i strompen, strompvatten. Ber ein brynet i lumma, væter ein det med å stryka det i dogga, stikka det ned i ein vasspytt eller med å spytta på det. Olje, tjöre og sand har eg aldri höyrt nokon bruka.

14. Jåsanyn kallar vi mjölet som lagar seg ved bryning.

15. Nei. Men ein 85åring, Johan S.

16. Sennes, fortel at han har nytta bo

17. tilodosmörk, og at ho hövde bra til det.

17. Nei.

18. Nei

19. Ikkje anna enn tvi.

20. Nei

Hemne 25/2 1947.

Rune Tödal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 241